



Programmet tar ikke opp nye studenter

Studieplan for Lesing for lærere i grunnskolen, videreutdanning (15 studiepoeng) (2013–2014)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 15

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Lokal studiestad Indre Østfold, Eidsberg.

Kontakt

HiØ VIDERE

Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Jobb og videre studier
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Informasjon om studiet

Dette er eit betalingsstudium som blir halde ved lokal studiestad i Indre Østfold. Tilbodet blir gjeve i samsvar med Intensjonsavtalen mellom Høgskolen i Østfold og samarbeidande kommunar i Indre Østfold.

Målgruppa er lærarar som er tilsett i grunnskolen. Det er ein føresetnad at deltakarane har kontakt med ein grunnskole der det er mogeleg for dei å hente inn materiale og ta del i læringsarbeid.

Hva lærer du?

Studiets læringsutbytte

Kunnskapar:

Studenten

- har kunnskap om barn si skriftspråklege utvikling
- har kjennskap til teoriar om lesing og leseopplæring
- har innsikt i korleis ein kan møte utfordringar og utnytte moglegheiter ved leseopplæring i ein fleirkulturell skole
- har kunnskap om ulike teksttypar og lesing som læringsstrategi

Ferdigheiter:

Studenten

- kan organisere og drive tilpassa leseopplæring på alle trinn etter fagleg grunngitte prinsipp
- kan vurdere og reflektere kring kartlegging og ulike prøver i lesing og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- kan drive systematisk arbeid med lesing som læringsstrategi i ulike fag

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen praksis og grunngi vurderingane

Opptak

Bestått grunnskolelærarutdanning eller tilsvarande.

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhold

Innholdet i studiet skal gje kunnskap om og innsikt i teoriar om lesing og om leseopplæring. Sentralt i studiet er drøfting av ulike måtar å leggje til rette for lesing i alle fag og for alle elevar - majoritetsspråklege og minoritetsspråklege, gutter og jenter. Kunnskap om korleis ulike typar lesetestar og kartleggingsverktøy kan brukast som grunnlag for tilpassa undervisning, er ein del av studiet. Ein vil også komme innom spesialpedagogiske spørsmål.

Studiet ser på lesing i eit breitt tekstperspektiv: fagtekstar og skjønnlitterære tekstar. Digitale tekstar (komplekse samansette tekstar) er ein sjølvsagt del av tekstuvalet, og IKT blir brukt både som verktøy og som arena for læring, kommunikasjon og innhenting av informasjon. Samanhengen mellom teori og praksis dannar grunnlaget for studiet, og derfor er ein sentral del av arbeidet knytt til eigen undervisningspraksis/eigne praksiserfaringar.

Organisering og læringsformer

Studiet er samlingsbasert med totalt fem heildagssamlingar - to samlingar i haustsemesteret og tre samlingar i vårsemesteret. Dialogen mellom student og lærar, oppgåveinnleveringar, faglege ressursar og individuell oppfølging frå faglærar skjer i nettbasert forum i Fronter. I tillegg til undervisning blir samlingane brukt til erfaringsdeling med utgangspunkt i praksisopplegg deltakarane gjennomfører i eigen klasse.

Deltakarane arbeider med didaktiske oppgåver til fagstoffet mellom samlingane. Oppgåvene knyter saman teoretisk fagstoff, didaktisk refleksjon og praksisaktivitetar i klasserommet. Utprøving i eigen arbeidssituasjon og bruk av eigne didaktiske erfaringar er sentrale element.

Gjennom studiet skal studentane utvikle sine munnlege ferdigheter og samhandle med andre deltagarar om sentrale utfordringar i faget. Denne delen av handlingskompetansen til ein lærar kan ein ikkje tileigne seg ved lesing, men må opparbeidast i reell dialog på samlingane.

Arbeidskrav:

Desse arbeidskrava må vere godkjende før studentane kan framstille seg til eksamen:

1. 80 % deltaking på samlingane
2. Kvar student eller studentgruppe leverer i Fronter til fastsett tid:
 - tre individuelle tekstar knytt til faglege emne
 - ein tekst skriven av ei gruppe

Arbeidskrava skal vere leverte/utførte innan fastsette fristar i semesterplanen. Arbeidskrava blir vurdert til "Godkjent" eller "Ikkje godkjent". Studentar som leverer/utfører arbeidskrav innan fristen, men som får vurderinga "Ikkje godkjent", har høve til ei ny innlevering. Studentane må då sjølve avtale ny vurdering av arbeidskravet med den faglæraren som har ansvar for arbeidskravet.

Arbeidskrava må vere godkjende seinast tre veker før eksamen for at studenten kan framstille seg til eksamen.

Praksis

Det er ingen praksis i studiet. Men det er ein føresetnad at deltagarane er tilsette i grunnskolen eller har kontakt med ein skole der det er mogeleg for dei å hente inn materiale og ta del i læringsarbeid.

Evaluering av studiet

For at SKUT skal kunne tilby ei aktuell og relevant utdanning med god kvalitet, er vi avhengige av tilbakemeldingar frå studentane. Studentane skal derfor ved slutten av studiet gjennomføre evaluering - på skjema frå SKUT.

Tilbakemelding underveis

Studentane skal få tilbakemeldingar frå undervisningspersonalet på innleverte arbeidskrav. Tilbakemeldingar kjem via e-læringsplattforma Fronter og munnleg på samlingane.

Vurdering

Skriftleg, individuell eksamen ved HIØ. Varigheit 6 timer. Ingen hjelpemiddel.

Vurderinga blir gjort av to sensorar, intern og ekstern. Gradert karakterskala A- F der A er beste karakter, E lågaste beståtte karakter og F betyr ikkje bestått.

Litteratur

Litteraturen er sist oppdatert 17.09.2012.

Bøker:

Klinkenberg, Jan Erik (2005, 3. utgave 2012): *Å bedre barns leseflyt. 27 varianter av repeteret*

lesing. Aschehoug & Co.

Lillesvangstu, Marianne, Elise Seip Tønnessen og Hanne Dahll-Larssøn (red.)(2007): *Inn i teksten -*

ut i livet: nøkler til leseglede og litterær kompetanse. Fagbokforlaget(LNU)

Lundberg, Ingvar og Katarina Herrlin (2008): *God leseutvikling. Kartlegging og øvelser.*

Cappelen Akademisk Forlag

Lyster, Solveig-Alma Halaas (2012): *Elever med lese- og skrivevansker. Hva vet vi? Hva gjør vi?*

Cappelen Damm Akademisk

Løvland, Anne (2007): *På mange måtar: samansette tekstar i skolen.* Fagbokforlaget (LNU)

Maagerø, Eva og Elise Seip Tønnessen (2006): *Å lese i alle fag.* Universitetsforlaget

Roe, Astrid (2011): *Lesedidaktikk: etter den første leseopplæringen.* Universitetsforlaget

I kompendium:

Arntzen, Ragnar og Ali Ludvigsen: «Åerobre lesekunsten på et andrespråk» (Ikke utgitt ennå)

Elsness, Turid Fosby (2003): «Nytt årtusen - nyleseopplæring?» i Austad, Ingolv (red.):

Mening i tekst: Teorier og metoder i grunnleggende lese- og skriveopplæring.

Cappelen Akademisk Forlag

Elsness, Turid Fosby (2004): «Staveutviklingen hos barn i alderen 7-8 år.» I Skardhamar, A.-K.:

Morsmål og skolestart, landskonferanse for norsklærere i utdanning. HiO

Frønes, Tove Stjern & Astrid Roe (2010): «Sakprosalesing i skolen» i Kirsten Kalleberg og

Astrid E. Kleiveland (red.): *Sakprosa i skolen.* Fagbokforlaget

Kulbrandstad, Lise (2003): «Å lese på andrespråket» Kap. 8 i *Lesing i utvikling.* Fagbokforlaget

Penne, Sylvi (2001): «Å bli en som leser - en utviklingshistorie om lesing fra 6 til 16» i

Penne: *Norsk som identitetsfag - norsklæreren i det moderne.* Universitetsforlaget

På internett:

Eva Maagerø: /Norsk læreren/, 2009. Nr 2, 2009, s 24-31. Sakprosa i skolen

http://www.norskundervisning.no/images/stories/norsklaereren/nr0209/nl0209_maagero.pdf.

Nyttig lesning ellers:

Bøyesen, L. (red.) (2009). *Mangfold i språk og tekst*. Universitetet i Stavanger: Lesesenteret. Oslo: Utdanningsdirektoratet (51 s). Heftet kan lastes ned her:

http://lesesenteret.uis.no/kurs_og_boeker/skulte_dokumenter/article27600-2907.html

Hoel, Trude (red.) (2008). *Gutter og lesing*. Universitetet i Stavanger: Lesesenteret. Oslo: Utdanningsdirektoratet (50 s). Heftet kan lastes ned her:

http://lesesenteret.uis.no/kurs_og_boeker/skulte_dokumenter/article27600-2907.html

Knivsberg, Ann-Mari og Ellen Heber (2009): *Lese- og skrivevansker. Fra teori til IKT-baserte tiltak*. Universitetet i Stavanger: Lesesenteret. Oslo: Utdanningsdirektoratet (54 s)

Mangen, Anne (red.) (2008). *Lesing på skjerm*. Universitetet i Stavanger: Lesesenteret. Oslo: Utdanningsdirektoratet (49 s). Heftet kan lastes ned her:

http://lesesenteret.uis.no/kurs_og_boeker/skulte_dokumenter/article27600-2907.html

Jobb og videre studier

Lesing er eit satsingsområde i skolen i dag, og lærarar med vidareutdanning i lesing vil vere ettertrakta.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Dekan Eystein Arntzen, 26. september 2012

Studieplanen er revidert

Studieleder Kjersti Bergraf Jacobsen 2. april 2013

Studieplanen gjelder for

Haust 2013.

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2013

Obligatoriske emner

Vår 2014

Obligatoriske emner

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 26. okt. 2021 03:15:01

LS15LESG12 Lesing for lærere i grunnskolen (Høst 2013–Vår 2014)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: 1 år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Studiet *Lesing for lærere i grunnskolen, videreutdanning (15 studiepoeng)* består kun av ett emne. Det foreligger ingen egen emnebeskrivelse. Se studieplan.

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 26. okt. 2021 02:59:58